



Bukkar på besøk på Neset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I kristen tid vart jula ein fest til minne om Jesu fødsel.
I dei fyrste hundreåra kjende ein ikkje dagen og tida for juledagane skifte noko.
I almanakken les vi difor: 5 desember - den gamle juleafta. 6 desember: Gamle juledag**

Frå 300-talet etter Kristi fødsel vart juledagen fastsett til 25. desember og i norsk folketradisjon varer jula til 13. dag. Ja, for nokre like til 20. dag jul. Då kom Sankt Knut og jaga jula ut. Med andre ord: Vår trettandedag samsvarar med den gamle jula. Det er og minnedagen for dei heilage tre kongane.

Det vert fortald frå Hardanger at dei gamle så seint som i 1870-åra snakka om 'gamlejoli'. Då laga dei julemat, fann fram juleølet og høgtida jula på nytt. Regelen var og at det ikkje skulle gjerast grovarbeid denne dagen. Tenestefolket fekk fri alt anna enn naudsynt fjøsarbeid. Etter kvart gjekk høgtida med trettandedagen ut or tradisjonen som ein heilag-og merkedag. For oss markerer vi dagen meir som at no er det slutt på jula. Ikkje heilt. Julebukane kjem på 13. dag jul. I Uskedalen kvelden før. Faktisk på den gamle juleafta. Med andre ord: Vi er ikkje ferdige med 'gamlejoli' enno.

'Tjugande Knut jagar jula ut' kjem vi attende til på torsdag 13. desember. Forresten: Kor mange lokale seiemåtar har vi om Sankt Knut som jaga jula ut. uskedalen.no er takksam om du sender oss den varianten du kjenner.

Av Kristian Olav Bringedal